



Selje kommune

Innkalling

Utval:	Formannskapet
Møtestad:	Kommunehuset 3. etg.
Dato:	28.09.2017
Tid:	Kl. 13:00

Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melde frå snarast råd til tlf. 57858500 eller til post@selje.kommune.no, slik at varamedlem kan bli kalla inn.

Varamedlem møter etter nærare innkalling.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	
070/17	Godkjenning av møteprotokoll	
071/17	Referatsaker	
072/17	Kommunal Trafikktryggingsplan - Utlegging til offentlig høyring	
073/17	Endra føreskrift om opning for jakt, fastsetting av jakttid, minsteareal og fellingskvote for hjortevilt, Selje kommune, Sogn og Fjordane fylke.	
074/17	Skjenkeløyve - Eltvik & Åhjem eft AS/ Frimannsbuda	
075/17	Førespurnad om overtaking av eigarskap til ballbingane i kommunen	
076/17	Vurdering av salg av "legekantoret" på Stad	
077/17	Borgundvåg hamn - Industriområde - Endra førespurnad om kjøp av tomt	
078/17	Tertialrapport 2. tertial 2017 inkl budsjettendring	
079/17	Strategi i høve kommunehuset – fortsatt leige eller kjøpe	Ikkje offentleg
080/17	Breibandsutbygging 2017-2018	Ikkje offentleg

Eventuelt

Selje, 21.09.17

Stein Robert Osdal
ordførar



Selje kommune

Arkiv: FE - 033
JournalpostID: 17/4886
Saksbehandlar: Janne Weltzien
Listhaug

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
070/17	Formannskapet	28.09.2017

Godkjenning av møteprotokoll

Tilråding frå administrasjonen:

Møteprotokollen frå møte 31.08.17 vert godkjent slik den ligg føre.



Selje kommune

Arkiv: FE - 033
JournalpostID: 17/5212
Saksbehandlar: Janne Weltzien
Listhaug

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
071/17	Formannskapet	28.09.2017

Referatsaker

Tilråding frå administrasjonen:

Referatsaker vert teke til etterretning slik dei ligg føre.

1. Orientering ved rådmann



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
072/17	Formannskapet	28.09.2017

Kommunal Trafikktryggingsplan - Utlekking til offentlig høyring

Bakgrunn for saka:

Selje kommune er i gang med å gjennomføre ein hovudrevisjon av kommunen sin trafikktryggingsplan. Revisjonsarbeidet starta våren 2017. Planen omfattar alle offentlege vegar i kommunen; kommunale og fylkesvegane . Arbeidet med planen har som mål å fremje tiltak for eit tryggare trafikkbilete i kommunen. Mål i planarbeidet er å få synleggjort trafikkfarlege stader, og å prioritere tiltak- både fysiske og handlingsskapande.

Trafikktryggingsplanen skal vedtakast i kommunestyret og planen skal nyttast ved budsjettarbeid og i søknader om økonomiske midlar for trafikktrygging, som t.d. TIK- midlar (tilskotsordning til trafikktryggleik i kommunane).

Frå Selje kommune er Terje Nybakk trekt inn som prosjektansvarleg, medan Asplan Viak er trekt inn som konsulent.

Frå kommunen er det sett saman eit arbeidsutval/arbeidsgruppe frå ulike fagetatar i kommunen.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen tilrår at framlegg til kommunal trafikktryggingsplan vert lagt ut på høyring slik det no ligg føre.

Planen er vurdert, og innspela som kom fram inntil 27.5.17 er teke inn i planarbeidet. I planframlegget er kommunen si prioriteringsliste lagt inn, medan arbeidsgruppa si ligg som vedlegg til planframlegget.

Innspel/merknader etter dette vert teke med i høyringsfasen.

Det vert høve til å koma med innspel i høyringsfasen og planen vert omarbeida i samsvar med vedtak.

Vedlegg i saka:

12.09.2017	Vedlegg 1, oversikt over innspel, prioriteringsliste	1337803
12.09.2017	Vedlegg 2, kort samandrag innspel	1337804
19.09.2017	Plan for trafikktrygging revisjon 2017 datert 19.9.17	1338070

Saksopplysningar:

Den 28.3.2017 vart det halde oppstartsmøte for planen og oppstart av planarbeidet vart kunngjort den 5.4.17 pr. brev, e-post, i avisa Fjordane Tidende og på Selje kommune si heimeside.

Frist for å koma med merknader og innspel til planarbeidet vart sett til 15.5.17. Innspel som kom heilt fram til 27.5.17 er medteke i ei førebels prioriteringsliste, medan dei innspel som har kome etter dette, vert vurdert i høringsfasen, som er etter politisk møte den 28.9.17.

Det kom inn 27 innspel i denne første fasen. Arbeidsgruppa laga i møte 24.5.17 etter gjennomgang av alle innspela, ei prioriteringsliste som fylgjer framlegg til planen, som vedlegg 1.

Planutvalet vart i møte den 15.6.17 orientert om planarbeidet, og om prioriteringslista frå arbeidsutvalet.

Den 28.9.17 skal planframlegget opp i møte med planutvalet, med mål om at framlegget kan sendast ut på høyring. Det er høve til å koma med innspel til planarbeidet i høringsfasen, desse vert vurdert fram mot at planen kan vedtakast i desember 2017.

Planframlegget:

Det er teke utgangspunkt i tidlegare vedteken trafikktryggingsplan ved utarbeiding av planframlegget. Prioriteringslista frå arbeidsutvalet er lagt ved planframlegget som vedlegg 1.

Innspela:

Innspela viste eitt breitt engasjement frå innbyggjarar og skular, barnehagar og fleire lag og organisasjonar er lagt inni tabell, sjå vedlegg 1.

Fleire av innspela viste seg å vera nokså like, men felles for mange var at det er trong for fartsreducerande tiltak, ynskje om utbetring av vegnetta og betre lyssetjing langs veganlegg, særskild ved gangfelta. Det er også eit ynskje om fleire gang- sykkelveggar.



Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
073/17	Formannskapet	28.09.2017
	Kommunestyret	

Endra føreskrift om opning for jakt, fastsetting av jakttid, minsteareal og fellingskvote for hjortevilt, Selje kommune, Sogn og Fjordane fylke.

Bakgrunn for saka:

Framlegg til endra kommunal føreskrift for fastsetning av minsteareal og fellingskvote for hjort i Selje kommune, jf. § 5 i *Foreskrift om forvaltning av hjortevilt og bever*.
Føreskrifta omfattar også fastsetting av jakttid.

Lover/regelverk

Forskrift om forvaltning av hjortevilt og bever.
Lov om naturens mangfold (naturmangfoldloven).
Lov om forvaltning av hjortevilt (Viltloven).

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Forslag til endra føreskrift om opning for jakt, fastsetting av jakttid, minsteareal og fellingskvote for hjortevilt, Selje kommune, Sogn og Fjordane fylke, vert lagt ut til offentleg ettersyn i perioden 30.09.12..10.2017.

Minstearealet for tildeling av løyve i Selje kommune vert som før, 1400 dekar pr. dyr med tildelingsgrunnlag 700 dekar til 2100 dekar.

For jaktvaldet Barmen vert minstearealet redusert til 400 dekar pr. dyr med eit tildelingsgrunnlag frå 200 dekar til 600 dekar pr.dyr.

Jakttid: 1.september til og med 30.november.

Vedlegg i saka:

13.09.2017 Føreskrift om minsteareal og fellingskvote for hjortevilt 1337810

Saksopplysningar:

Kommunane har frå 2002 hatt mynde til å opne for jakt og fastsetje minsteareal jf. §§ 4 og 5 i forskrift om forvaltning av hjortevilt og bever. Vidare går det fram av § 6 at kommunane ved tildeling, kan fråvike minstearealet med inntil 50 %.

Historikk:

I foreskrift fastsett av Fylkesmannen 10.12.2001 om jakt etter hjort og elg i Sogn og

Fjordane, hadde Selje kommune eit minsteareal på 2000 da pr. dyr. Hjortebestanden auka raskt, og for å minske skadar på jordbruksareal, skog og hagar -i tillegg til å halde talet på påkøyrslar og trafikkskader lågt, ynskte ein å redusere minstearealet for å kunne ta ut ein tilstrekkeleg del av hjortestammen gjennom jakt. Eit anna argument som talte for å redusere hjortestammen i

kommunen, var å sikre helsa til dyra.

I kommunestyresak PS 045/03, vart minstearealet i Selje kommune redusert til 800 da pr.dyr,

unnateke Barmen som på grunn av ein svært stor hjortebestand fekk eit minsteareal på 400 da

pr. dyr.

I regelen, jf. § 6 i foreskrift om forvaltning av hjort og bever, fekk då Selje kommune eit tildelinggrunnlag frå 400 da til 1200 da pr. dyr, medan på Barmen vart tildelinggrunnlaget frå 200 da til 600 da pr. dyr.

I 2012 såg ein at Selje kommune stod overfor ein større nedgang i hjortebestanden. Å redusere tildeleingane, var ikkje eit tilstrekkeleg tiltak for å stoppe nedgangen.

Føreskrift om minsteareal vart endra i K-sak 019/13 med vedtaksdato 20.03.2013;

Minstearealet i Selje kommune vert i ny føreskrift auka til 1400 da. pr dyr med tildelinggrunnlag frå 700 da til 2100 da pr. dyr, unnateke Barmen som vert auka til 700 da pr.

dyr med eit tildelinggrunnlag frå 350 da til 1050 da. pr. dyr.

Ein kunne dermed tildele færre dyr og gje hjortebestanden høve til å ta seg opp att.

Negangen i hjortebestanden i kommunen flata ut, men på Barmen auka den derimot raskt.

Ein såg behovet for setje i verk tiltak som sikra tilstrekkeleg avskyting for å ta vare på landbruksområde i drift og helsa til dyra. I 2016 søkte Barmen om å bli godkjent som bestandsplanområde for perioden 2016-2021.

Det er kommunen som etter søknad godkjenner eit bestandsplanområde og etter forskrift om forvaltning av hjortevilt og bever § 12, må eit bestandsplanområde disponere eit teljande areal på minimum 20 gongar minstearealet, $700 \times 20 = 14000$ daa. Dette kravet oppfylte ikkje jaktvaldet.

Viltforvaltninga i Selje kommune ser det som viktig for forvaltninga av hjortevilt på Barmen, at øya vert eit eige bestandsplanområde. Med ein fem års plan for avskyting av hjortevilt, får ein betre oversikt over bestandsutviklinga og kan sikre det biologiske mangfoldet, samstundes som ein tek vare på interessene for ålmenta –t.d bøndene. Minstearealet for tildeling av hjort på Barmen vert difor føreslege endra til 400 dekar pr. dyr, med eit tildelinggrunnlag på 200-600 daa pr. dyr.

Ein ser også behovet for å endre jakttida, slik at jakta vert avslutta 30. november , istandenfor 23.desember. Dette fordi det er ein fordel å få rapportert og avslutta jaktseasonen før årslutt.

Forslag til ny jakttid vert 1. september til og med 30. november.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
074/17	Formannskapet	28.09.2017

Skjenkeløyve - Eltvik & Åhjem eft AS/ Frimannsbuda

Bakgrunn for saka:

Søknad frå Eltvik & Åhjem eft AS dat 18.07.2017 om skjenkeløyve for Frimannsbuda

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Formannskapet handsamar søknaden etter § 13 i Kommuneleova

2. Eltvik & Åhjem eft. AS. Nabben 6740 Selje. Orgnr 869 033 642 får slikt skjenkeløyve:

Skjenkestad: Frimannsbuda, Nabben 6740 Selje

Eigar av den faste eigedomen: Eltvik & Åhjem eft. AS

Dagleg leiar: Ståle Åhjem, Nabben 6740 Selje

Skjenkestyrar: Ståle Åhjem, Nabben 6740 Selje

Stedfortredar for styrar: Frank Robert Åhjem, Nabben 6740 Selje

Driftskonsept: Pub/ Bar/ Servering

Skjenkeareal: «Vaffelstova». Pub/ bar 1.etg, Pub/ bar 2.etg/ Kai/ veranda , 200 m2 innandørs areal og 60m2 utandørsareal. Sum 260 m2 og om lag 150 sitjeplassar

Omsøkt varesortiment: Alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3 (øl, vin og brennevin)

Opningstid: I kommunens maksimaltider Jf. Forskrift om opnings- og skjenketider, Selje.

Tidsavgrensing for løyvet: Til og med 30.06.2020

3. Vilkår

Løyvet skal praktiserast i samsvar med Alkohollova, Forskrift til alkohollova og Forskrift om opnings- og skjenketider, Selje

Søkjaren har rapportplikt om omsetninga Jf. Forskrift til Alkohollova Kap 7

Søkjaren skal utarbeide system for internkontroll Jf. Forskrift til Alkohollova Kap 8

Kommunen vil før kontroll med løyvet Forskrift til Alkohollova Kap 9

Vedtaket er referatsak i møte i Kommunestyret den 23.11.2017

Saksopplysningar:

1. Sakshandsaminga

Eltvik & Åhjem eft. AS overtok Frimannsbuda den 10.07.2017. Drifta der var lagt ned i

desember 2016. Eltvik & Åhjem eft. AS har difor ikkje høve til å drive på førre eigar sitt løyve

Jf. Alkoholloven § 1-10 (i 3 måneder etter eigarskifte).

Søknaden er datert 18.07.2017. Uttale frå Politiet er mottaken den 19.09.2017. Dette har gjort at saka ikkje var klar for handsaming på kommunestyremøte den 14.09.2017. Neste kommunestyremøte er etter møteplanen den 23.11.2017. For å imøtekome søkjaren sitt behov for å kunne opne uteplassen på nytt bed sakshandsamar om at Formannskapet gjer vedtak etter kommunelova § 13, (Hasteparagrafen)

2. Søknaden:

Søklar: Eltvik & Åhjem eft. AS. Nabben 6740 Selje. Orgnr 869 033 642

Skjenkestaden: Frimannsbuda, Nabben 6740 Selje

Eigar av den faste egedomen: Eltvik & Åhjem eft. AS

Dagleg leiar: Ståle Åhjem, Nabben 6740 Selje

Skjenkestyrar: Ståle Åhjem, Nabben 6740 Selje

Stedfortredar for styrar: Frank Robert Åhjem, Nabben 6740 Selje

Driftskonsept: Pub/ Bar/ Servering

Skjenkeareal: «Vaffelstova». Pub/ bar 1.etg, Pub/ bar 2.etg/ Kai/ veranda 200 m2 innandørs areal og 60m2 utandørsareal. Sum 260 m2 og om lag 150 sitjeplassar

Omsøkt varesortiment: Alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3 (øl, vin og brennevin)

Opningstid: I kommunens maksimaltider

Søkjaren har frå før skjenkeløyve i Åhjemsbuda

3. Dokument i saka:

1. Søknad med vedlegg: Firmattest, Planteikning, Kunnskpsprøva Ståle Åhjem, Kunnskapsprøve Frank- Robert Åhjem

2. Uttale frå NAV

3: Uttale frå Politiet

4. Lover/ Forskrifter

Alkohollova

Forskrift til alkohollova

Lokal forskrift om opniings- og skjenketider, Selje



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
075/17	Formannskapet	28.09.2017

Førespurnad om overtaking av eigarskap til ballbingane i kommunen

Bakgrunn for saka:

Selje Idrettsråd ber Selje kommune overta det formelle eigarskapet til dei 3 ballbingane i Selje kommune.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Selje kommune overtek det juridiske eigarskapet for;

- ballbingen ved Stadlandet skule frå Stadlandet idrettslag
- ballbingen ved Selje skule frå Selje idrettslag
- ballbingen ved Flatraket skule frå Flatraket idrettslag

Selje kommune inngår ein drifts- og vedlikehaldsavtale med dei respektive idrettslaga, kor idrettslaga står ansvarleg for drift og vedlikehald av ballbingane, samt tek alle kostnader utover det som forsikringa dekkjar.

Rådmannen får ansvaret for å utarbeide drifts- og vedlikehaldsavtalane.

Vedlegg i saka:

27.06.2017	Søknad - Overtaking - Eigarskap til ballbingar	1336000
16.03.2017	Søknad - Overtaking - Eigarskap ballbingane	1331219

Saksopplysningar:

Selje Idrettsråd ber i brev datert 7.3.2017 og 26.6.2017, sjå vedlegg, om at Selje kommune overtek det formelle eigarskapet til alle dei 3 ballbingane i kommunen.

Bakgrunnen for førespurnaden er at idrettslaga har hatt problem med å få utbetalt forsikringspengar for skader som har oppstått på ballbingane etter td. uvær, pga. at det er Selje kommune som eig grunnen ballbingane står på.

Vurdering:

Dersom Selje kommune skal overta eigarskapet til ballbingane, så vil forsikringspremien til kommunen auke med mellom 100,- og 500,- pr. ballbinge pr. år. Selje kommune har ein eigenandel på forsikringane på 50.000,- for kvar hending. (8.000,- ved naturkatastrofar). Ein ballbinge blir ikkje sett på som eit fullverdig bygg, men som ei bygning med svak konstruksjon. Dvs. at ein ikkje får fullfinansiert oppbygginga på forsikringa, men vil kunne få ein reduksjon på mellom 20-40%.

Selje kommune har stort vedlikehaldsetterslep på kommunale bygg og eigedommar. Egedomsavdelinga som har ansvaret for kommunale bygg- og eigedommar har eit stramt budsjett som gir lite rom for å påta seg økonomisk ansvar for bygg og anlegg bygd av andre. Ein vil også kunne skape ein presidens som kan være vanskeleg å komme vekk ifrå dersom ein går inn for å oveta det økonomiske ansvaret for ballbingane.

Eit alternativ kan være at Selje kommune overtek det juridiske eigarskapet til ballbingane, men at ein inngår ei drifts- og vedlikehaldsavtale med dei respektive idrettslaga som gjer at idrettslaga står ansvarleg for drift og vedlikehald av ballbingane, samt tek alle kostnader utover det som forsikringa dekkjar.

Konklusjon:

Selje kommune kan overtek det juridiske eigarskapet for;

- ballbingen ved Stadlandet skule frå Stadlandet idrettslag
- ballbingen ved Selje skule frå Selje idrettslag
- ballbingen ved Flatraket skule frå Flatraket idrettslag

Selje kommune inngår ein drifts- og vedlikehaldsavtale med dei respektive idrettslaga, kor idrettslaga står ansvarleg for drift og vedlikehald av ballbingane, samt tek alle kostnader utover det som forsikringa dekkjar.

Rådmannen bør få ansvar for å utarbeide drifts- og vedlikehaldsavtalar.



Selje kommune

Arkiv: GBNR - 24/68, FE -
614, HIST - 12/1117
JournalpostID: 17/5097
Saksbehandlar: Ørnulf Lillestøl

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
076/17	Formannskapet	28.09.2017

Vurdering av salg av "legekantoret" på Stad

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret vedtok i juni 2015 å leggje ned kontoret som legekantor. Bygget er etter dette rydda for utstyr og innreia til anna føremål.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet ber rådmannen gjennomføre sal av gnr/bnr «Legekantoret» på Leikanger/Stad.

Eigedomen skal leggjast opent ut for sal slik at alle kan melde si interesse. Det vert inngått kontrakt for sal med høgaste anbydar.

Saksopplysningar:

Rådmannen har over tid vurdert kva som bør skje med dette bygget. Kommunen sjølv har ikkje behov for bygget og det er no leigd ut til to private. I kjellaren på ein langtidsavtale og i hovudetasjen ein kortsiktig avtale.

Intensjonen har vore å vurdere bygget for sal/vidare bruk/utleige som del av ei samla sak som gjeld all bygningsmasse kommunen eig. Administrasjonen har hatt begrensa ressursar til å førebu ei slik sak og dette bygget vert då vurdert isolert.

Vi har motteke to separate konkrete tilbod på kjøp av bygget. Det er også andre som har henvendt seg med spørsmål om å få kjøpe bygget. Rådmannen vurderer det slik at eigedomen bør leggjast ut for sal slik at alle får muligheit til å leggje inn bod. Kommunen kunne avhende bygget på same måte som ein del andre kommunale bygg tidlegare dvs til eit godt føremål. I dette tilfellet er det ein marknad for kjøp, det er også vanskeleg å skilje ulike tankar og planar frå kvarandre.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
077/17	Formannskapet	28.09.2017
	Kommunestyret	

Borgundvåg hamn - Industriområde - Endra førespurnad om kjøp av tomt

Bakgrunn for saka:

Kommunestyresak 019/17 vedr. førespurnad om kjøp av tomt på industriområdet i Borgundvåg.

Etter å ha studert omsøkte område litt nærare , samt starta detaljplanlegging av byggeplanane, ønskje kjøparane å endre på områdeplanane.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Stadt Maskinutleige AS og Borgund Bær AS får kjøpe område I3 i reguleringsplanen for **Borgundvåg Hamn**. Området er på om lag 8,68 da. Selje kommune etablerer ny avlaupleidning og påkoblingskum, jfr. kommunestyrevedtak i sak 019/17. Etablering av evt. veg til tomta, må kjøparane koste sjølv.

Pris for tomta blir 34,5 kr/m² for heile råtomta (8,68 da) og om lag 16 kr/m² for fellestekniske anlegg. Det skal kun betalast fellestekniske anlegg for 4 da av tomta. Kvadratmeterprisen for fellestekniske anlegg vil kunne endrast utifrå faktiske kostnadar med etablering av ny avlaupsleidning og kum.

Rådmannen får delegert mynde til å inngå kjøpekontrakt, innafør rammene nemnd i saksutgreiinga. Ein føreset etablering innan 2 år frå kontraktsdato. Dersom vilkåret ikkje vert oppfylt, har kommunen tilbakekjøpsrett.

Opparbeiding av ny avlaupsleidning og kum blir finansiert med pengar frå sal av tomta.

Vedlegg i saka:

06.04.2017	Borgundvåg hamn - Industriområde - Førespurnad om kjøp av tomt	1329822
18.09.2017	Tomter Borgundvåg	1337962


Saksopplysningar:

Viser til vedlagde kommunestyresak 019/17 samt vedlagde førespurnad frå kjøperane datert 18.juli 2017.

Etter endring i planane har kjøparane 2 moglege alternativ for kjøp av område i Borgundvåg.

Alternativ 1

Stadt Maskinutleige AS og Borgund Bær AS (kjøparane) ønskjer å kjøpe området I3 i reguleringsplan *Borgundvåg hamn*, sjå kart 1, til ein grunnpris (G1) på kr 34,5 kr/m² for heile området men berre betale for fellestekniske anlegg (G2) for eit område på 4000 m². G2 er i kommunestyre sak 019/17 rekna til om lag 16 kr/m². Denne vil kunne endrast utifrå faktiske kostnadar kommunen får med etablering av ny avlaupsleidning og kum.



Kart 1: I3 er området som ønskes kjøpt i alternativ 1

Alternativ 2

Stadt Maskinutleige AS og Borgund Bær AS kan kjøpe området vist i kart 2. Dei ønskjer då avkøyrsløse frå fylkesvegen vest for området slik at dei slepp og kjøpe eit område aust for tomta til opparbeiding av ein om lag 70 meters lang tilkomstveg. Ved dette alternativet vil

dei måtte ta kostnaden med å opparbeide «bru» over kanalen vest for tomta.



Kart 2: Alternativ 2

Kjøparane ønsker helst å gå for alternativ 1.

Vurdering:

Alternativ 1:

Område I3 i reguleringsplan for **Borgundvåg Hamn** er på om lag 8,68 da.

Selje kommune vil gå glipp av kostnader knytt til utgifter med tomtetekniske anlegg på om lag 74.880,- kr ved å gi «fritak» for betaling av tomtetekniske anlegg for ca 4.680 m².

Kjøparane ønsker i utgangspunktet å kjøpe området vest på I3, sjå kart 2. Hadde vegen nord for område I3 vore opparbeidd, hadde kjøparane kunne kommet seg til området frå nordsida. Det blei i kommunestyresak 019/17 vedtatt å ikkje opparbeide denne vegen no. Dersom ein skal følgje reguleringsplanen, så vil kjøparane måtte opparbeide seg ein eigen tilkomstveg for å nå arealet. Det betyr at dei anten må opparbeid regulert veg aust og nord for I3 for å få tilkomst nord på tomta, eller at dei må gå over austre del av I3 og kjøpe eit om lag 70 meters langt område for å komme seg til tomta. Begge disse alternativa vil påføre kjøparane betydelege ekstrakostnadar.

Alternativ 2:

Sal av området i alternativ 2, med tilkomst vest for tomta som kjøparane har skisser i kart 2, vil bety at Selje kommune sel tomtegrunn som vi ikkje veit om kjøparane vil få tilkomstløyve for. Dette alternativet vil krevje nytt avkøyrsløyve frå Staten vegvesen og ei mindre

vesentleg reguleringsendring av eksisterande reguleringsplan.

Kjøparane vil også få betydelege kostnader med opparbeiding av tilkomstveg, med «bru» over kanalen.

Konklusjon:

Pga. at Selje kommune ikkje er ferdig med opparbeiding av tomtetekniske anlegg (veg, avlaup m.m) vil kjøparane få forholdsvis store utgifter med tilkomstveg til ønsket tomt, dersom dei må gå for alternativ 2.

Selje kommune bør derfor gå inn for kjøparane sitt alternativ 1.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
078/17	Formannskapet	28.09.2017
	Kommunestyret	

Tertialrapport 2. tertial 2017 inkl budsjettendring

Bakgrunn for saka:

Etter kommunen sitt økonomireglement skal rådmannen legge fram økonomisk rapportering for kvart tertial i løpet av driftsåret. Rapporten skal ta føre seg heile den kommunale aktiviteten. Rapporten har også med nokre avsnitt om kommunen sin finansforvaltning.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Selje godkjenner økonomirapporten for 2. tertial slik den ligg føre, og gjer følgjande budsjettendringar på rammeområda:

Område	Beløp
200 Oppvekst	-526 000
300 Helse og omsorg	964 000
500 Drift og utvikling	446 000
890 Rammetilskot - regionsentertilskot	-591 000
890 Pensjon premieavvik	-293 000
Sum endring	-

Vedlegg i saka:

19.09.2017 Økonomirapport 2. tertial 2017

1338072

Saksopplysningar:

Økonomirapporten pr 31.08.2017 for Selje kommune følgjer som vedlegg til denne saksutgreiinga.